DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar sokn

# Referat møte

**Utval:** Fitjar sokneråd
**Møtestad:** Kyrkjestova
**Dato:** Torsdag 11.05.2023
**Tid:** Kl. 16.00 - 18.30
**Ord for dagen:** Anne Marie

**Innkallinga er sendt til:**

| | | Møtt |
|---|---|---|
| Svein Lunde | Leiar | X |
| Anne Marie Røed | Nestleiar | X |
| Sigrid Marie Fangel | Skrivar/forfall | - |
| Tom Rydland | Medlem | X |
| Wenche Andersen Helland | Medlem | X |
| Herman Inge Aadland | Medlem | - |
| Håkon Rydland Sæbø | Medlem | X |
| Aase Rygg H. Nøttveit | Medlem | X |
| Olav J. Oma | Sokneprest | X |
| Sigurd Andre Maraas | kommunal representant | X |
| Jostein Skram | 1. vara | - |
| Karin Maria Korsvik | 2. vara | X |
| Magnor Tverderøy | | - |
| Hilda Gloppen | 4. vara | - |
| Jan Ottar Wiik | 5. vara | - |
| Svein Arne Theodorsen | vara for sokneprest | - |
| Jan Overweg | Kyrkjeverje | X |

## Sakliste:

| SAK | ARKIVKODE | TITTEL | KOMM REPR |
|---|---|---|---|
| 2023/38 | 012.1 | Godkjenning av innkalling og sakliste | x |
| 2023/39 | 012.1 | Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 20.04.2023 | x |
| 2023/40 | | Kort orientering om arbeidet i soknet | x |
| 2023/41 | | Årsrapport 2022 | |
| 2023/42 | | Bruk av kyrkjelydsprestfondet | x |
| 2023/43 | | Søknad om stønad frå temakveldgruppa | x |
| 2023/44 | | HMT – statusmelding | |
| 2023/45 | | Møteplan hausten 2023 | |
| 2023/46 | | Meldingar / open post | |
| 2023/47 | | Økonomisak til pågåande revisjon av rekneskap for 2022 | |

**Sak 2023/38 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:**
Innkalling og saklister er godkjent.

**Sak 2023/39 012.1 Referat frå sist møte**

**Vedtak:**
Soknerådet stadfester referat frå møtet den 20.04.2023.

**Sak 2023/40 Kort orientering om arbeidet i soknet**
Kyrkjeverje og sokneprest legg fram ei kort orientering om arbeidet i soknet.

- Randi litt etterutdanning om friluftsliv
- Biosortering på kyrkjegarden (Kjetil Ragde) bosset er nesten borte, og vi sparar mykje på søppelhandtering.
- Handikap-parkeringa er ferdig, og det er laga nokre blomsterkassar som gjerde.
- Rekneskap er revidert.
- Administrasjonen takkar soknerådet for innsatsen rundt konfirmantfesten.
- Verneplan gravplass nær ferdig.
- Kyrkjeblad ferdig. Herman I og Roald tek ansvar for neste blad før sommaren.
- Lenge sidan sist gravferd, men mykje gudstenester, og no konfirmasjonar mm.
- Flott fest som soknerådet ordna til for konfirmantar og foreldre.

**Vedtak:**
Soknerådet tek orienteringa til vitande.

**Sak 2023/41  Årsrapport 2022**
Årsmeldinga for Fitjar sokn er sett opp etter liknande mal som me har brukt dei siste åra. Ulike medarbeidarar, både tilsette og frivillige, er inviterte til å levera stoff til årsmeldinga. Stoffet er deretter redigert og sett saman av administrasjonen. Det er fint om soknerådet kan sjå gjennom teksten i årsmeldinga og koma med kommentarar på eventuelle endringar som bør gjerast. Årsmeldinga skal liggja ute til offentleg ettersyn i minst to veker før årsmøtet i kyrkjelyden. Tidspunkt for årsmøte er sett til søndag 4. juni etter gudstenesta i Fitjar kyrkje.

Merknadar til årsmeldinga:
Tjenester - Besøk, - musikk, i tillegg til dei som er nemnt…
For store ord… side 7…
Engasjement rundt … side 7 skapar…
Stryk setninga om kyrkjeskulearbeid der det står … har ikkje vore stilt spørsmål ved på ei tid…
Roald Drønen kan stå i årsmeldinga på kyrkjeblad.
Misjonsprosjektet - skal Misjon og mosjonsgruppa nemnast ?
På barnehagen Arnhild og Andreas er,styremedlem.

**Vedtak:**
Soknerådet sluttar seg til årsmeldinga med dei merknadar som kom fram i møtet.

**Sak 2023/42  Bruk av kyrkjelydsprestfondet**
Komité for kyrkjelydsprestfondet har i møtet 13. april utarbeidd eit forslag til bruk av fondet. Eit drøftingsnotat frå møtet er vedlagt innkallinga og vil vera utgangspunkt for drøfting i soknerådet. Notatet er ikkje offentleg.

**Vedtak:**
Soknerådet går inn for nemnda sitt forslag til bruk av kyrkjelydsprestfondet, og vil auke kyrkjelydspedagogstillinga frå 80% til 90% med verknad frå 1. august 2023.

I tillegg:
Soknerådet vil oppretta ei 20% prosjektstilling (i utgangspunktet for 2 år) som diakon/diakonimedarbeidar. (Då kan vi eventuelt tilsetta ein person med helsefagleg bakgrunn.)

**Sak 2023/43  Søknad om stønad frå temakveldgruppa**
Det er ein ny søknad om støtte frå temakveldgruppa – sjå vedlegg ved innkallinga. Dei kr. 5.000 som soknerådet løyva tidlegare i vår strekkjer dessverre ikkje til. Temakveldgruppa har i dag ikkje penger i kassen, men framleis eit underskot på 15.000. Til hausten håper gruppa at inntekter og utgifter går i balanse, men store utgifter til konsert med Edvard Hoem vil også kunne gje nytt underskot. Da arbeidsutvalet diskuterte saka var ikkje den heilt klarlagt. Forslaget frå AU er å dekkja noverande underskot, og løyva ei årleg underskotsgaranti på kr. 10.000 frå 2023. Føresetnad for utbetaling av underskotsgaranti må vera framlagt rekneskap for heile året.

**Vedtak:**
Fitjar soknerådet løyver ytterleg kr.15.000 til temakveldgruppa.

Soknerådet er innstillt på å stille ein underskotsgaranti frå arrangement til arrangement. Dvs. at temakveldgruppa må søka underskotsgaranti på førehand, og vi oppfordrar temakveldgruppa til å søkje støtte også andre stader.

**Sak 2023/44  HMT – statusmelding**
HMT-arbeid i Fitjar sokn – helse, miljø og tryggleik – er lovpålagt. Det omfattar arbeidsmiljø og tryggleik, førebygging av helseskade og vern av det ytre miljø mot forureining og betre handsaming av avfall. HMT arbeid har fokus på forbetring. Det skal vera løysingsorientert og synleg i alle ledd i organisasjonen. Det er kyrkjeverje som er HMT- leiar. Ei regelmessig orientering / statusmelding bør vera del av sakskartet for soknerådet.

**Vedtak:**
Soknerådet tek orienteringa til vitande. Det er og ynskjeleg at vi får informasjon om korleis avvik vert meldt og handsama.

**Sak 2023/45  Møteplan hausten 2023**
Møteplan for sokneråd og arbeidsutval hausten 2023.
Møte i sokneråd til vanleg kl.16.00-18.30
Møte i arbeidsutvalet til vanleg kl. 12.30-14.30
Det nye soknerådet trer inn i funksjon frå 01.11.2023. Sokneråd med fellesrådfunksjonar, som på Fitjar, trer inn i fellesrådsfunksjonar frå 01.12.2023. (verksemdsreglene §1)

**Vedtak:**
Saka blir utsett til neste møte.

**Sak 2023/46   Meldingar / open post**

- **Frivilligfest 15. juni** – arbeidsutvalet gjer framlegg om å utsetja frivilligfesten til hausten.

- **Hjartestartar** i Fitjar kyrkje, ca 23.000,- hos (Røde kors) inklusiv kurs for 20-25 personar.
  **Vedtak:** Soknerådet gjev administrasjonen fullmakt til å skaffa hjartestartar og opplæring, søk gjerne finansiering i SPV.

- Kurs for nye sokneråd til hausten, 2.11

- **Kyrkjevalet**, vi er i rute, men sjekk den laurdagen då det er førehandsrøysting i kommunen.
  Sjekk og valavisa for fitjar kommune, sjekk med ordføraren om vi kan vere med på denne.
  Vi har offentleggjort lista i siste kyrkjeblad.

- **Håkonarspelet**, Kyrkja er medeigar av spelet, saman med kommunen og Osternes mannskor. Kva skjer ved eit eventuelt underskot på arrangementet som er planlagt gjennomført august 2024? Dette ynskjer vi å få ei oversikt over.

- Kristi himmelfartsdag venestemnet hjelparar på kjøkkenet
  Annbjørg Stjern Tvedt, Tom og Solveig

- Evaluering konfirmantfest kjem som sak neste møte

**<u>Sak 2023/47 Økonomisak til pågåande revisjon av rekneskap for 2022</u>**
Gjeld mogeleg skattekrav etter usemje om skatteoppgjer tilbake i 2008. Beløpet på kr. 97.011 er framleis ført som skattekrav i rekneskapen. Saken er no forelda og kravet er falt bort. Soknerådet bør gjera vedtak om at summen vert inntektsført i rekneskapen for 2022.

Bakgrunn for kvifor kravet står slik det gjer:
I 2008 vart rekneskapsføring av kyrkjelydsprest overført til Fitjar kommune. Fram til 1. juli var det eit privat rekneskapsbyrå som førte denne rekneskapen (kommunen førte resten).
Det var mykje fram og tilbake mellom byrået og kommunen om skattebetalingar. Kommunen gjorde opp årsstatus, og betalte skatt etter våre berekningar.
Skatteetaten, som og hadde vanskar med å få heile oversikta, tilbakebetalte kr 97 011,- i deira oppgjer.

Skatteoppkrevjar, som då var oppkrevjaren i Bergen kommune, og kommunen hadde dialog om dette oppgjeret heile 2010.

Skatteoppkrevjaren har moglegheit til å ta opp att skattesaker i 10 år før dei vert forelda. Difor vart det sett av midlar på balansen som skulle dekke ei eventuell ny berekning av skatteåret 2008.
No er saka forelda, og midlane bør ikkje stå i balansen lenger.

**Vedtak**
Med bakgrunn i skattesaken frå 2011, og at saka no er forelda, vert eit beløp pålydande 97.011 inntekstført i rekneskapen for 2022.

---

Olav J. Oma
referent